

## Saksgang

Utvil	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		19.05.2020

## Utviklingsstipend innan idrett. Retningsliner

Forslag til vedtak

1. Det skal lysast ut 7 utviklingsstipend innan idrett á kr. 40.000,-. Totalt kr. 280.000,-. Søknadsfrist for tilskotsordninga er 1.oktober, med politisk handsaming i KULII i november.
2. Utval for kultur, idrett og integrering sluttar seg til retningslinene som ligg føre i vedlegg til denne saka.

## Samandrag

I denne saka legg fylkesdirektøren fram innstilling til retningsliner for utviklingsstipend innan idrett.

Fylkesdirektøren tilrår at det lysast ut 7 utviklingsstipend á kr. 40.000,-. Dette vil vere ei auke i forhold til budsjett på kr. 70.000,- som følgje av ei omdisponering av midlar frå post 460.202 - konferanse/kompetanse.

Føremålet med stipendet er å medverke til at mottakarane får høve til å vidareutvikle seg innan den aktuelle idretten og motivere til vidare satsing. Utviklingsstipend innan idrett har eksistert i Hordaland fylkeskommune sidan 1996. Sogn og Fjordane har ikkje hatt ei liknande stipendordning, men det er bestemt at ein vidarefører denne ordninga i Vestland fylkeskommune. Gode retningsliner skal vere med på å sikre at det er dei rette utøvarane som får stipenda kvart år.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

Britt Karen Spjeld  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering legg her fram retningsliner for utviklingsstipend innan idrett.

I budsjettet for 2020 er det sett av til saman 210.000 kroner til dette stipendet, fordelt på 7 stipend á kr 30.000,-. Fylkesdirektør foreslår å omdisponere midlar frå post 460.202 (konferansar/kompetanse) for å vere meir harmonisert med tilsvarende stipendordningar innan kulturfeltet i fylket (jfr. PS 59/2020 om kunststipend), og i forhold til liknande stipendordningar i Bergen kommune.

Denne stipendordninga er forankra i regional kulturplan for Hordaland, der det under innsatsområde 37 Idrett står følgjande: *Idrettsutøvarar i mange idrettar markerer seg med gode prestasjonar både nasjonalt og internasjonalt og set Hordaland på kartet. Stipend til unge lovande utøvarar og trenarar, og markering av OL og VM medaljørar (senior), er med å stimulere og inspirere til vidareutvikling i sin idrett.*

I regional kulturplan for Sogn og Fjordane blir det under punkt 8.1.1.3 Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv lagt vekt på *enkelte idrettar som krev kostbart utstyr*, og som ein veit er ei ekstra utfordring for å kunne halde fram med idretten sin i denne aldersgruppa som stipendordninga er for.

Hordaland fylkeskommune har sidan 1996 delt ut stipend til unge lovande idrettsutøvarar på godt nasjonalt og internasjonalt nivå. Dei seinare åra har dette omfatta 5 stipend á kr 30.000,-. Sogn og Fjordane har ikkje hatt ei tilsvarende ordning på dette feltet.

Vidareføringa av den ordninga inn i Vestland fylkeskommune har ført til eit behov for å sjå nærmare på retningslinene til denne ordninga. For på den måten å sikre seg at det er dei rette utøvarane som får stipendet kvart år.

Retningslinene som har vore brukt tidlegare har fungert godt, og denne saka og det tilrådde byggjer i stor grad på desse erfaringane.

Tilskotsordninga har søknadsfrist 1.oktober. Fristen er samordna med Bergen kommune si stipendordning. Olympiatoppen Vest gjev råd ved tildelinga. Det vert lagt fram politisk sak i KULII i november. Sjølv utdelinga av stipend skjer vanlegvis i desember på ei eiga markering.

Vedtakskompetanse:

Utval for kultur, idrett og integrering

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Det er løyvd kr 210.000,- til ordninga i 2020, men ein foreslår å auke dette til kr. 280.000,- for å harmonisere med nivå på kunstnarstipend i Vestland fylkeskommune (jfr. PS 59/2020). Denne auken vert foreslått dekkja gjennom å omdisponere midlar frå post 460.2020 (konferansar/kompetanse).

**Klima:** Ein kan ikkje sjå at ordninga har monaleg klimaavtrykk.

**Folkehelse:** Regional plan for folkehelse 2114 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa. Tilskotsordninga er viktig for at unge lovande utøvarar kan vidareutvikle seg i idrettslag i Vestland fylke.

**Regional planstrategi:** Tilskotsordningar er eit av verkemidlane for å følgje opp viktige satsingar i dei to gjeldande regionale kulturplanane.

**Innretting og kriteria for Vestland fylkeskommune sine utviklingsstipend innan idrett**

*Lagt fram til vedtak i Utval for kultur, idrett og integrering 19.05.2020*

**Føremål:**

Vestland fylkeskommune sitt utviklingsstipend innan idrett for vidareutvikling og stimulans til vidare satsing innan idretten for unge lovande utøvarar.

**Kven kan søkje?:**

Utøvar, trenar og særkrets kan sende søknad på vegne av ein utøvar i aldersgruppa 16 - 15 år som representerar eit idrettslag i Vestland fylke. Utøvarar som får toppidrettsstipend frå Olympiatoppen fell utanfor målgruppa. Ein utøvar kan berre få stipendet ein gong.

**Kva kan ein få støtte til?:**

Vestland fylkeskommune delar ut sju utviklingsstipend, kvart på 40.000 kroner. Stipenda kan tildelast til utøvarar som markerer seg med gode nasjonale og internasjonale prestasjoner innan idretten sin.

**Krav til søknaden:**

Søkjar må fylle ut det nettbaserte søkerkjemaet for ordninga.

**Vurdering:**

- Det skal leggjast vekt på kandidaten sine idrettsprestasjoner.
- Potensiale for vidareutvikling og ambisjonar.
- Planar for vidare satsing innan idrett.
- Det skal vere kjønnsbalanse i tildelinga - ut frå søkerkjemaet som ligg føre.

**Oppfølging og rapportering:**

Dei som får tildeling må sende inn kort rapport på bruken av stipendet innan 3 månader etter at stipendperioden er ferdig. Rapporten skal syne korleis stipendet er nytta og kva resultat mottakaren har oppnådd i perioden.

**Klage:**

Vedtak om tildeling av stipend er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b. Det er såleis klagefrist på vedtaket innan 3 veker etter at det er motteke skriftleg underretning.

**Konklusjon:**

Fylkesdirektør vil tilrå at retningslinene blir vedtekne slik det vert lagt fram i denne saka, og at ein omdisponerer midlar frå post 460.202 for å auke dei sju stipenda til á kr. 40.000,- for å harmonisere med andre stipendordningar.